



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1038-7

20. desember 2019

Statsbudsjettet 2020 - investeringstilskot til Musea i Sogn og Fjordane til fellesmagasin i Førde

Me viser til søknad frå Musea i Sogn og Fjordane dagsett 1. mars 2019 om investeringstilskot til etablering av eit fellesmagasin i Førde.

1. Tilskot for 2020

Stortinget vedtok 10. desember 2019 budsjettet til Kulturdepartementet for 2020. Innanfor løyvinga på kapittel 322 Bygg og offentlege rom, post 70 Nasjonale kulturbygg er 8,3 mill. kroner sette av til etablering av eit fellesmagasin i Førde.

Kulturdepartementet stiller med dette til rådvelde eit tilskot for 2020 på 8,3 mill. kroner til Musea i Sogn og Fjordane for å skipa til eit fellesmagasin i Førde.

Det er eit vilkår for tildelinga at tilskotet vert disponert i samsvar med dei føremåla, føresetnadene, krava til økonomiforvalting, kontroll og rapportering som er omtala i dette brevet, jf. òg dei vedlagde retningslinene for økonomiforvalting og kontroll for tilskotsmottakarar som får investeringstilskot frå Kulturdepartementet. Tilskotet vil verta betalt ut etter oppmoding frå Musea i Sogn og Fjordane. Krav til innhaldet i utbetalingsoppmodinga er spesifisert i pkt. 4 nedanfor.

Stortinget gav 10. desember 2019 Kulturdepartementet løyve til òg å gje lovnad om tilskot ut over tilskotet i 2020. På dette grunnlaget gjev departementet tilsegn om 31,7 mill. kroner i seinare budsjettår til finansiering av fornyinga av eit fellesmagasin i Førde. Samla tilskot frå Kulturdepartementet vert dimesd 40 mill. kroner.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling

Saksbehandlar
Bjørn Olav Tveit
22 24 80 59

2. Føremål

Føremålet med tilskotet er å medverka til å skipa eit fellesmagasin i Førde for Musea i Sogn og Fjordane.

3. Særskilde vilkår

Tilskotet skal nyttast til det nemnde føremålet. Tilskotet skal ikkje nyttast til å dekkja ordinære driftsutgifter for tilskotsmottakaren.

Det skal skriftleg stadfestast at Musea i Sogn og Fjordane tek ansvaret for å gjennomføra og fullfinansiera prosjektet innanfor ei kostnadsramme som er fullfinansiert med 40 mill. kroner i investeringstilskot frå Kulturdepartementet.

Det samla tilskotet på 40 mill. kroner er fast og vert ikkje justert for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald.

4. Vilkår for utbetaling av midlar

Departementet bed om følgjande opplysningar før tilskotet i 2020 kan betalast ut:

- at Musea i Sogn og Fjordane aksepterer føresetnadene for statstilskotet, jf. pkt. 3 ovanfor, og eksplisitt tek på seg ansvar for gjennomføring og fullfinansiering av prosjektet med eit samla tilskot på 40 mill. kroner frå Kulturdepartementet
- oppdatert finansieringsplan med dokumenterte tilsegner om finansiering av heile investeringsbudsjettet
- oppdatert framdriftsplan for prosjektet
- opplysningar om førebels rekneskapsførte utgifter i prosjektet
- oppdaterte opplysningar om ansvar for framtidig drift
- kontonummer for overføringa av tilskotet.

5. Økonomiforvaltning og kontroll

Tilskotsmottakaren skal følgja dei reglane som er trekte opp i dei vedlagde retningslinene for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt investeringstilskot frå Kulturdepartementet.

6. Krav til rapport

For å ha eit godt grunnlag i arbeidet med statsbudsjettet for 2021 bed me Musea i Sogn og Fjordane innan 1. august 2020 rapportera om:

- Status i prosjektet i høve til vedteken tidsplan.
- Oppdatert investeringsbudsjett og finansieringsplan.
- Førebels prosjektrekneskap per 1. juli 2020.
- Likviditetsbehov for 2021 og 2022.
- Status i planlegginga av driftskonsekvensane.

Departementet legg opp til ein årleg rapport frå Musea i Sogn og Fjordane innan 1. august kvart år til heile statstilskotet er løyvd og utbetalt. I tillegg bed Kulturdepartementet om å verta orientert snarast råd dersom det oppstår uventa situasjonar som vil få noko å seia for innhaldet eller framdrifta i byggjeprojektet.

Departementet bed om at det vert sendt inn sluttrapport og revidert rekneskap innan 12 månader etter at prosjektet er slutført.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Bjørn Olav Tveit
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har difor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Førde kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedlegg: Retningsliner for økonomiforvaltning og kontroll i 2020